

ÅSEN HYTTEGREND REGULERINGSFØRESEGNER.

Kommune:	Fyresdal.
Område:	Kile - Gnr. 17/1, 17/4.
Planforslag datara:	10.11.08
Dato for vedtak i kommunestyre:	26.02.2009
Mindre endring	28.10.2011 og 02.12.2020

1 INNLEIING.

Avgrensing av området er vist på plankart med reguleringsgrenser.
Innanfor området er arealet regulert til fylgjande formål:

Byggeområde for hytter. (Pbl §25.1)
Landbruksområde. (Pbl § 25.2)
Offentleg trafikkområde. (Pbl §25.3)
Spesialområde. (Pbl §25.6.)
- friluftsområde
- private vegar
- privat parkering
- småbåtanlegg (i vatn)
- skileikanlegg

2 FELLES FØRESEGNER.

Alle inngrep skal planleggast og utførast slik at skadeverknader vert så små som mogleg.

Eksisterande vegetasjon skal ikkje fjernast ut over det som er naudsynt for å få ført opp bygningar og opparbeide tilkomstvegar og parkeringsplassar. Trasear for framføring av vatn, avløp og kablar som ikkje kan leggjast langs vegar, skal reetablerast med stadeigen vegetasjon. Grunneigar kan pålegge reparasjon av uheldige tiltak og inngrep.

3 BYGGEOMRÅDE FOR HYTTER.

Gjeld nye hytter LN01-LN08 i felt 1, KN01-KN05 i felt 2 og ved endring av eksisterande bygningar.

03.1 Tomta.

Storleik på tomta kan vere inntil 2 mål.

Inngrep på tomta skal gjerast så varsamt som mogleg for å ta vare på naturpreget.

Eksisterande vegetasjonen skal bevarast i størst mogleg grad. (ref. pkt.02).

Det er ikkje lov å gjerde inn tomta eller deler av tomta. Flaggstong eller portal er heller ikkje lov å setje opp. På nye tomter skal det opparbeidast 2 parkeringsplassar.

3.2 Storleik på bygg og utnytting.

Tillat bruksareal (BRA) pr. tomt er 115 m². Hovudhytte kan vere på inntil 100 m².

Bruksarealet kan deles på hytte inntil 80 m² og anneks inntil 20 m².

I tillegg kan det byggjast uisolert uthus på inntil 15 m².

Dersom det vert bygd to eller tre bygningar skal desse plasserast i tunform.

3.3 Plassering av bygg og utforming.

Hytter skal plasserast slik at hovudmøneretning fylgjer kotene i terrenget.

Bygg skal fundamenterast på grunnmur eller plate på mark. Pillarar vert tillate, høgde inntil 0,9 m.

Høgde på grunnmur eller pilarar for terrasse skal ikkje vere meir enn 0,9 m over gjennomsnittleg terreng.

Taket skal vere saltak og tekkast med torv, tre eller materiale med mørk og matt

farge. Takvinkel skal vere mellom 22 og 30 grader.

På hovudhytte må gesimshøgde ikkje vere høgare enn 5,0 m og mønehøgde ikkje over 5,5 m. Det tillates bygd oppstugu

Tilsvarande høgder for uthus/anneks skal vere;

- Gesimshøgde maks 3,0 m.
- Mønehøgde maks 4,5 m.

Store glasflater kan bare godkjennast når dei er delt opp.

Alle bygningar og anlegg skal utformast slik at vilt og beitedyr ikkje kjem til skade.

3.4 Vatn, avløp, renovasjon og straum.

Det kan leggjast vatn inn i hyttene under føresetnad av at det vert søkt om utleppsløyve for gråvatn.

Grupper av hytteiningar kan gjere avtale om boring av felles vassbrønner og leidningsnett. Før arbeidet startar skal lokalisering avtalast med grunneigar. Som privetløyving skal det nyttast typegodkjent biodo, alternativt anna godkjent lukka toalettøyving.

Renovasjonsordning skal fylgje dei til ein kvar tid gjeldande reglar for Fyresdal kommune. Avfall skal plasserast i Renovest sine avfallscontainerar for tida plassert på parkeringsplass ved Søgar Kile.

3.5 Dokumentasjon.

Saman med søknad om byggjeløyve for hytter skal det leggjast ved situasjonsplan i målestokk 1:500 som visar plassering av bygningar, tilkomst, parkering og leidningsgrøfter.

4 LANDBRUKSOMRÅDE.

I område skal ein kunne drive tradisjonelt landbruk.

For at område skal bevare sitt preg som kulturlandskap skal område dersom det ikkje vert drivi landbruk haldast fri for småkratt og skog.

5 OFFENTLEG TRAFIKKOMRÅDE.

5.1 Køyreveg.

Regulert område gjeld del av køyrebane på fylkesveg som ligg innanfor plangrense.

5.2 Frisiktsoner.

Terrenget i frisiktsoner må ikkje vere høgare enn tilstøytande køyrebane. Sikthindrande vegetasjon og gjenstandar høgare enn 0,5 m er ikkje tillete.

06 SPESIALOMRÅDE.

06.1 Friluftsområde på land.

I friluftsområde skal vegetasjon bevarast. Grunneigarar kan drive plukkhogst.

Borebrønner og leidningstrasear for framføring av vatn og straum som ikkje kan leggjast langs vegar, kan førast gjennom friluftsområde.

6.2 Private vegar og parkering.

Eksisterande vegar som er opparbeidd er regulert til privat veg.

Nye vegar som skal opparbeidast skal ha ei breidde på 3,0. Der skjering og fylling kjem utanfor regulert vegbreidde vert vegarealet utvida tilsvarande. Alle vegar skal brøytast og gje heilårs tilkomst til tomtene.

Parkering er ikkje tillat langs desse vegane. Gjesteparkering kan skje på regulerte parkeringsplassar.

6.3 Småbåtanlegg. (I vatn).

I område kan det etablerast installasjonar knytt til båtplass.

06.4 Skileikanlegg.

I område kan det tilretteleggast for diverse aktivitetar på ski, eventuelt med skitrekk.

06.5 Bevaring av bygningar og anlegg.

På tomt L08 er det freda kulturminne nemnt i arealdelen av kommuneplan som;
R-9 Loft frå Nordre Skrede - flytt til Birtedalen.